



Møtet med Frank Jakobsen i april var ei storhending for dei unge trommeslagarane i Kvinnherad. Til hausten kjem han att. (Foto: Ola Matti Mathisen).

**Trommegruppa til skulemusikken viste under 17.mai-feiringa at dei har lært mykje i det siste og møtet med trommeslagartoppen Frank Jakobsen frå Bergen i april ga dei tre eit skikkeleg løft. No kan dei glede seg over at han kjem tilbake. Det skjer laurdag 8. september, då blir det eit nytt seminar.**

At det var eit populært møte sist illustrerer følgjande utsegn frå ein av dei tre trommisane: "Kor lenge blir han då? Skal han vera lika lito stund som sist?"

Det skulle i alle høve liggja godt til rette for ein god sesongstart for trommegruppa.